



Valldal

Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag torsdag 20.mars kl 18.00 på biblioteket

Til stades: Bjørg, Gerd, Mette Marie, Mette NV, Magnhild

Forfall: May

Saker:

43/25 Godkjenning av innkalling

Godkjent utan merknader.

44/25 Gjennomgang av referat med tilbakemeldingar på vedtak

- Ikkje noko konkret møte er halde i høve «prosjekt skulekjøkken» enno. Mette informerte om det som har vore omsnakka mtp behov og ønskjer.
- Ang spm. om gevinstar til adventskalenderen var teke opp på fylkesårsmøtet, ma. diskusjon om fastsett verdi på gevinstane.
- Møte i arbeidsgruppa knytt Sansehagen vert måndag fk.
- 3 namn frå laget er meldt inn til dugnad på Bygdefesten i april.

45/25 Deltaking Frivilligforum, referat ved Gerd

Ein møteplass for frivillige lag og org. 3 medlemmer frå VBK var tilstades.

Forutan ulike lag/org. som fortalte om korleis dei jobbar, var det også informert om korleis utlegging av informasjon vert gjort /bør gjerast. Viktig med god samordna info.

46/25 Oppsummering av Distriktsårsmøte i Ørsta 15.-16. mars

Bjørg, Solveig og Nelly møtte.

Omvisting på Ivar Aasen-tunet først i møtet.

Tema kring Matkultur og konservering var tema i etterkant.

Det er planlagt eit inspirasjonsseminar i november.

Rapportering av aktivitetar til Norges bygdekvinnelag vart teke opp.

Gratis skulemåltid. Ein godt skrivne resolusjon om dette frå årsmøtet. Bør sendast til departement/statsråd. Bjørg kontaktar leiar i distriktstyret om kvar det blir sendt, og vidarefordmidlar skrivet her lokalt.

47/25 Status økonomi /Gerd

Tilgangar er ordna og har fått oversikt over dei ulike konti.

Gerd følgjer opp avtale om rentesats på plasseringskonto i banken og bed om bankkort for enkeltkonto. Utbetaling av honorar for verv i laget vert gjort i løpet av september månad.

48/25 Plan for Bygdekvinnekveldar, Stolt mat, april og mai.

Vi sender ut påminning om påmelding til den 27. mars.

Presiserar prisar, samt betaling til dei som køyrer. Kvar enkelt betalar sjåføren kr 50.

Blomsterhelsing til påske. For å få dette til å passe satsar vi på datoен 7. april.

Bjørg tek kontakt med Linge gartneri. Styret møter kl. 16, ev. kombinerar det med saker som er nødvendig å ta opp.

Plan for bygdekvinnekveld den 6.mai. Ulike alternativ vart diskutert, om veret tillet det kan eit arrangement utandørs vere aktuelt. Kjem attende til dette.

49/25 Tiltak vedr prosjekt Friluftsglede og inkludering, Vil vi planlegge og gjennomføre noe innen dette tema? Andre aktiviteter.

Tankar kring å invitere med seg andre. Planleggast etter vertilhøve m.m. Om mogleg kombinerast med arrangement den 6. mai, sjå sak 48.

50/25 Distriktsamling i Surnadal. Halsa og Åskard bygdekinnelag er vertskap 13.-14. september

Invitasjon vert sendt ut frå distriktsstyret.

51/25 Rapportering av aktivitet med antall

Styret må finne ut av dette, korleis rapportere til sentralt hald. VBK har gode heimesider som gjenspeglar aktiviteten i laget.

52/25 Heidersbevisning=kjevle. Dette erstattar utnemning av æresmedlem (som er utgått). Må søke NBK, retningslinjer ligg på nettside til NBK

Alle kan foreslå kandidatar. Styret må finne ut meir om kriteria/retningslinene.

Tek det oppatt i neste styremøte.

53/25 Oppfølging av medlemsregisteret. Helsingar, betaling og registrering evt anna

Teamsmøte 8. april med info om dette.

Nødvendig med oppdaterte lister der også fødselsdato er oppgitt.

Kjem attende til dette.

54/25 Eventuelt

Ulike tankar kring kva laget kan gjere som skaper godt samhald og gode opplevingar.

Ein god samtale kring dette som vi vil jobbe vidare med.

Møtet slutt kl. 20.20

Magnhild
ref.